

Justis- og beredskapsdepartementet
Postboks 8005 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Saksbehandlar:	Dato:
24/1412	2024/2150 – 22109/2024	Dagrun Kyrkjebø	14.06.2024

NOU 2024:4 «Voldtekt - et uløst samfunnsproblem» - høyringssvar frå Helse Førde HF

Viser til brev frå Justis – og beredskapsdepartementet datert 14.03.2024 der departementet ber om kommentarar og innspel frå høyringsinstansane innan fristen 14.06.2024. Helse Førde takkar for høvet til å kome med innspel og i det følgjande kjem Helse Førde HF sine innspel til NOU 2024:4 «Voldtekt – et uløst samfunnsproblem».

Helse Førde vil gje ros til utvalet for ein grundig og godt opplyst NOU som syner til mange problemstillingar som er kjende for fagfolk som arbeider i feltet. Helse Førde vil også gje ei tilbakemelding på samansetning av utvalet, der det kun er eitt helsepersonell, og resten er politi, juristar og/eller forskarar. Der er ingen barnelegar i referansegruppa. I arbeidet har det vore møte med ein sosialpediater i Oslo og besøk av Barnehus i Oslo. Helse Førde stiller seg undrande til om utvalet innehar kjennskap til klinisk praksis i barne- og ungdomsgruppa for heile Norge, både ved store og små barne- og ungdomsavdelingar.

I forkant av høyringsfristen fekk Helse Førde følgjande spørsmål vidareformidla frå Helse- og omsorgsdepartementet via Helse Vest RHF:

Helse Vest RHF ber med dette om at dere svarer ut, både i høyringssvar på NOU 2024:4 til HOD og til Helse Vest RHF;

- *om deres barne og ungdomsklinikker rutinemessig krever at det foreligger en anmeldelse og anmodning fra politiet om prøvetaking, før de tar sporsikringsprøver fra barn.*
- *hva som gjøres for å sikre at barne og ungdomsavdelingene tilbyr medisinsk undersøkelse, inkludert rettsmedisinsk undersøkelse, i tråd med akuttveilederen i pediatri.*

Svar frå Helse Førde, Barne- og ungdomsavdelinga ved overlege Anders Bjørkhaug:

1. Vi krev ikkje rutinemessig at det føreligg anmeldelse frå politi om prøvetaking, før vi tek sporsikringsprøvar av barn. Slike saker vert handtert svært sjeldan i eige føretak (sjå neste punkt).

2. Pr. dagens dato, er akuttvurderingar av saker med seksuelle overgrep eit regionsansvar, og det føreligg avtale mellom Politi og Barne-/ungdomsklinikken i Bergen, samt prosedyrar for undersøkingar av akutte SO saker både meldt via politi og ved direkte henvendingar. Ut over dette vil Helse Førde følgje nasjonale faglege retningslinjer, som skissert i Akuttveileder i pediatri og NKVTS sin rettleiar.

Konkrete tilbakemeldingar på nokre kapittel i «Voldtekt – et uløst samfunnsproblem»:

1.3.3 «En dør inn» for voldtektsutsatte

NOU-en viser til at utvalet er særleg uro for helsetenesta til born som vert utsett for valdtekt, og at dei finn det urovekkande at nasjonale myndigheiter er kjend med dette utan at det vert retta opp. I tillegg er tilbodet uoversiktleg, då det er aldersgrensevariasjonar ved ulike overgrepsmottak i landet:

«Tilbudet til voksne og ungdom fra 16 år utsatt for seksuelle overgrep er lagt til overgrepsmottak for voksne. Etter avtale med det aktuelle helseforetakets barne- og ungdomsklinikk kan overgrepsmottaket ivareta overgrepsutsatte fra og med 14 år. Barn under 14 år ivaretas gjennom døgntilbud ved helseforetakets barne- og ungdomsklinikk.»

[Overgrepsmottakets målgrupper - Helsedirektoratet](#)

NOU-en konkluderer med at born som vert utsett for seksuelle overgrep, har eit dårlegare akutt-tilbod enn vaksne. Helse Førde støttar at det må arbeidast med dette for å sikre eit godt tilbod til denne pasientgruppa.

7.5/ 10.3 Rusførebyggjande arbeid

Ofte er rus involvert i valdtektssaker. Ny forskning viser at alkoholkonsumet aukar i yngre alder, der førekomensten av overgrep er høg, og flere unge tester ut blandingsrus.

<https://www.fhi.no/le/rusmidler-og-avhengighet/narkotikainorge/bruk-av-narkotika/narkotikabruk-blant-ungdom/?term=>

Overgrepsmotivert mistanke om påført rus ser ein som eit aukande problem, sjølv om det er vanskeleg å påvise i dei rettstoksikologiske prøvane, bør dette bli eit fokusområde i det valdtektsførebyggjande arbeidet.

7.6.2 og 1.4.4 Straffeforfølgning og samtykke

Ein stadig mindre del av dei som kjem til overgrepsmottaket vel å anmelde overgrepet. Dei som anmelder gjer tilbakemelding om at det er ei stor belastning både med avhøyr og henleggelse, og tal henleggelser aukar.

Ein **samtykkebasert voldtektsbestemmelse**, vil i tillegg til å hindre overgrep, kunne hindre den belastninga enkelte opplever i å bli ein «overgripas» etter feiltolka signal. Kunnskapsløft i skulane vil kunne førebygge det samme.

12.4.5 Seksualundervising i skulen

Ungdommen tek til orde for ein betre seksualundervising i skulen i langt større grad enn det læreplanane legg opp til i dag og ønsker seg porno på timeplanen.

<https://www.barnevakten.no/skole/laeringsressurser/porno-pa-timeplanen/> Eitt nasjonalt løft vil vere å få tematikken som eige fag på timeplanen gjennom heile

grunnskulen. I Luster kommune har dei lagt inn ein time i veka frå 1. – 10.trinn.

[Livsmeistring - Robuste barn og unge - Film - Luster kommune](#)

Overgrepsmottaket i Sogn og Fjordane har god erfaring med oppfølging etter overgrep, og har stor tru på at eit styrka psykososialt oppfølgingstilbod og ein støttekoordinatorordning vil vere eit godt førebyggjande tiltak.

22.4.6 Eit likeverdig helsetenestetilbod for overgrepsutsatte barn

Utvalget anbefaler følgende tiltak for å sikre et likeverdig tilbud for barn utsatt for seksuelle overgrep:

- Det bør etableres et akutttilbud for overgreps- og mishandlingssaker ved alle barne- og ungdomsklinikkene, herunder et døgnåpent tilbud innen klinisk rettsmedisin.*
- Krav om tilstrekkelig sosialpediatrisk kompetanse bør inngå i oppdragsbrevene til de regionale helseforetakene. Kravene bør systematisk følges opp og rapporteres på gjennom de regionale helseforetakenes årlige rapportering til Helse- og omsorgsdepartementet"*

Det som kjem fram i pkt 22.4.6 er vanskeleg å gjennomføre i praksis for eit lite helseforetak. 24/7 vaktordning for legar med sosialpediatrisk kompetanse og krimteknisk kompetanse krev eit visst volum av saker slik at det truleg kun er gjennomførbart ved regionssjukehusa.

For Helse Førde HF:

Vennleg helsing

Dagrun Kyrkjebø
Samhandlingssjef